

Saksbehandlar: Arlen Synnøve Bidne, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 17/9839-8

Tildeling av tilskot frå Statsbudsjettet 2018 kap. 1429 post 79 Verdsarv

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

Kløvatunet på Bakka, «strandsitjarløa» får tilskot på inn til kr. 170 000.

Tilskotet skal nyttast til følgjande tiltak:

- a) reparasjon av konstruksjon inntil kr. 80 000
- b) reparasjon av tak inntil kr. 70 000
- c) reparasjon av kledning inntil kr. 20 000

Vedlegg:

Vedlegg 1. og 2: Saksutgreiing og vedtak i HNK-sak 21/18 arkiv nr. 17/9839 dokument nr. 5 og 6
Vedlegg 3: Brev av 3. mars 2019 frå Riksantikvaren

Andre relevante dokument i saka:

Retningsliner og vilkår for tilskot frå statsbudsjettet 2018 kap. 1429 post 71-79
Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – Delområde Nærøyfjorden

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

I samband med tildeling av tilskot frå Statsbudsjettet 2018 kap. 1429 post 79, tilskot til verdsarven HNK-sak 21/18 var det to søknadar som ikkje vart handsama då det mangla løyve frå Aurland kommune til gjennomføring av tiltaka. I HNK-sak 21/18 vart det i denne samanheng gjort følgjande vedtak:

- 3. Dei resterande midlane vil bli fordelt i samband med handsaming av dei to siste søknadane om tilskot.

Fylkesdirektøren har vore i dialog med eigarane av dei to bygningane, og eigar av strandsitjarløa i Kløvatunet har no gjeve melding om at han har endra prosjektet sitt frå demontering til istandsetjing på staden. Søknad om tilskot til dette prosjektet kan difor handsamast no.

For meir informasjon om tilskotsordninga og retningsliner for den sjå vedlegg 1-3.

2. Vurderingar og konsekvensar

Strandsitjarløe i Kløvatunet på Bakka

På Bakka er det bevart fleire bygningar i det gamle strandsitjarmiljøet på Borgastrondi. Dette er ein type bygningsmiljø som var vanleg tidlegare, men som det no er få att av. Borgastrondi ligg inne i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap og bygningsmiljøet her er ei viktig kjelde til kunnskap om tidlegare tiders levevis og dei er viktige for opplevinga av verdsarven. I «Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden» har Kløvatunet som heilskap andre prioritet for området Bakka/Tufto. Dei små gamle løene i strandkanten er ein bygningstype som det i dag er få att av, og mange av dei er i dårleg stand. Fylkesdirektøren finn det difor svært positivt at eigar vil setje i stand denne bygningen. Eigar har søkt om kr. 215 000 i tilskot til prosjektet. Tilrådinga er å løyve kr. 170 000. Bakgrunnen for denne reduksjonen er at eigar har fått tildelt kr. 75 000 til prosjektet frå Norsk kulturminnefond etter at fylkeskommunen fekk søknad om støtte til prosjektet. Då denne summen ikkje var omtalt i finansieringsplanen har fylkesdirektøren valt å redusere tilskotssummen med kr. 75 000.

3. Konklusjon

Fylkesdirektøren vurderer det som viktig at strandsitjarløa i Kløvatunet vert sett i stand og tilrår hovudutvalet til å løyve kr. 170 000 til dette prosjektet.